

KOMMISJONSDIREKTIV 2005/26/EF

2009/EØS/9/14

av 21. mars 2005

om fastsetjing av ei liste over næringsmiddelingsrediensar eller stoff som er mellombels utelatne frå vedlegg IIIa til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/13/EF*

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/13/EF av 20. mars 2000 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om merking og presentasjon av samt reklamering for næringsmidler⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 11 andre leddet, og ut frå desse synsmåtane:

- 1) I vedlegg IIIa til direktiv 2000/13/EF er det fastsett ei liste over næringsmiddelingsrediensar som skal nemnast på merkinga, ettersom dei kan gje biverknader hjå mottakelege personar.
- 2) I samsvar med direktiv 2000/13/EF kan Kommisjonen mellombels utelate visse ingrediensar eller produkt av desse ingrediensane frå vedlegg IIIa til det nemnde direktivet mens næringsmiddelprodusentar eller samanslutningane deira gjer vitskaplege granskingar for å slå fast at desse ingrediensane eller produkta stettar krava til endeleg utelating frå det nemnde vedlegget.
- 3) Kommisjonen har motteke 27 søknader om 34 ingrediensar eller produkt av desse, der 32 av dei kjem inn under verkeområdet for dette direktivet og er vortne sende til Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA) for ei vitskapleg fråsegn.
- 4) På grunnlag av opplysningar frå søkjaren og andre tilgjengelege opplysningar har EFSA vurdert det slik at visse produkt av næringsmiddelingsrediensar ikkje eller sannsynlegvis ikkje vil føre til biverknader hjå mottakelege personar. I nokre tilfelle har EFSA slått fast at ho ikkje kan dra noka endeleg slutning, sjølv om ingen rapporterte tilfelle vart nemnde.
- 5) Dei produkta eller ingrediensane som stettar desse vilkåra, bør difor mellombels utelatast frå vedlegg IIIa til direktiv 2000/13/EF —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Dei ingrediensane eller stoffa som er førde opp i lista i vedlegget til dette direktivet, skal utelatast frå vedlegg IIIa til direktiv 2000/13/EF fram til 25. november 2007.

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 21. september 2005 vedta og kunngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Dei skal nytte desse føresegnene frå 25. november 2005.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 21. mars 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 75 av 22.3.2005, s. 33, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 22/2006 av 10. mars 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 28 av 1.6.2006, s. 6.

(¹) TEF L 109 av 6.5.2000, s. 29. Direktivet sist endra ved direktiv 2003/89/EF (TEU L 308 av 25.11.2003, s. 15).

VEDLEGG

**Liste over næringsmiddelingsrediensar og stoff som er mellombels utelatne frå
vedlegg IIIa til direktiv 2000/13/EF**

Ingrediensar	Produkt av desse ingrediensane som skal mellombels utelatast
Korn som inneheld gluten	<ul style="list-style-type: none"> – Glukosesirup framstilt av kveite, medrekna glukose⁽¹⁾ – Maltdekstrin framstilte av kveite⁽¹⁾ – Glukosesirup framstilt av bygg – Korn som vert nytta i destillat til brennevin
Egg	<ul style="list-style-type: none"> – Lysozym (framstilt av egg) som vert nytta i vin – Albumin (framstilt av egg) som vert nytta som klaringsmiddel i vin og sider
Fisk	<ul style="list-style-type: none"> – Fiskegelatin som vert nytta som berestoff for vitamin og aroma – Fiskegelatin eller fiskelim som vert nytta som klaringsmiddel i øl, sider og vin
Soyabønner	<ul style="list-style-type: none"> – Raffinert soyaolje og -feitt⁽¹⁾ – Naturleg blanda tokoferolar (E306), naturleg d-alfa tokoferol, naturleg d-alfa tokoferolacetat, naturleg d-alfatokoferolsuksinat frå soyabønner – Fytosterolar og fytosterolesterar som er framstilte av vegetabiliske oljer frå soyabønner – Fytostanolesterar som er framstilte av vegetabiliske sterolar frå soyabønner
Mjølke	<ul style="list-style-type: none"> – Myse som vert nytta i destillat til brennevin – Laktitol – Mjølkeprodukt (kasein) som vert nytta som klaringsmiddel i sider og vin
Nøtter	<ul style="list-style-type: none"> – Nøtter som vert nytta i destillat til brennevin – Nøtter (mandlar, valnøtter) som vert nytta (som aroma) i brennevin
Hageselleri	<ul style="list-style-type: none"> – Olje frå selleriblad og -frø – Oleoharpiks av sellerifrø
Sennep	<ul style="list-style-type: none"> – Sennepsolje – Olje av sennepsfrø – Oleoharpiks av sennepsfrø

⁽¹⁾ Gjeld og produkt av dette, så lenge den prosessen dei har gjennomgått, ikkje er venta å auke dei allergiframkallande evnene som EFSA har fastsett for det produktet dei er avleidde av.